



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat,
Konsesjonsavd.
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 29.06.2021
Vår ref: 21/03812-2
Deres ref:

Fråsegn uten merknad til høyring av søknad om løyve til Tveitafoss kraftverk i Bjoreio, Eidfjord kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR, NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 25. mars 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vassressurslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Hardanger Energi AS søkjer om løyve etter vassressurslova til å fortsette drifta av Tveitafoss kraftverk i Bjoreio. Det føreligg to alternative løysingar med avbøtande tiltak for fisk. Saka vert handsama samstundes med revisjon av konsesjonsvilkår for Eidfjord Nord reguleringa. I forbindelse med utbygginga av Tveitafoss II kraftverk påreknas noko sprenging av fjell. Volum av sprengte massar er av liten betydning og antatt under 500 m³. Det er ikkje behov for deponi.

Fråsegn uten merknad frå DMF

DMF kan ikkje sjå at saka kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til høyring av søknad om løyve til Tveitafoss kraftverk.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Øyvind Wormdal Selboe
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat,
Konsesjonsavd.

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: